

Ordføraren sitt hjørna

Godt nyttår!

Maken til snøvinter er det lenge sidan me har hatt, då det har snøga nesten kvar dag etter nyttår! For ein kommune som har snø som grunnlag for næringslivet sitt, er det bra å kunne slå i bordet med ein god gamaldags vinter. Saltbilen har også helde seg borte, så slik har det vore triveleg å ferdast i bygda.

Nemnd for symjebasseng- behandlingsseng

Det har lenge vore arbeid for å få til symjebasseng/behandlingsseng i Hemsedal. Det er gjeve gåver og det er samla inn pengar fleire gonger. Før jul fekk kommunen og Helselaget ei ny gåve til føremålet. Utflytta hemsedøl Gunhild Grøndalen gav 1 million kr til behandlingsseng. Dette er me svært takksame for.

Formannskapet har plukka ut 2 representantar – Tove Eggen Lien og Odd Holde - som saman med representantar frå Helselaget skal arbeide vidare for å få til eit slikt basseng i Hemsedal. Gåvene er gjeve med klar binding til Helselagshuset, men denne nemnda må vurdere om det er andre plasseringar som kan vera aktuelle. Det er fleire millionar som kan nyttast til dette føremålet, slik at grunnlaget for å få til noko er godt.

Skatteinngangen

Stor skattesvikt i Hallingdal, stod det å lesa i Hallingdølen for nokre dagar sidan. Det er for Hemsedal sin del også delvis rett. Det er ikkje skattesvikt i høve det budsjettet som kommunestyret vedtok, men det er stor skattesvikt i forhold til det anslaget Staten har sett opp for fordeling mellom skatteinntekter og rammeoverføring til kommunen. 2006 var eit svært spesielt år for mange kommunar som fylgje av skatteomleggingar for inntekter ved tomtosal.

Staten sitt anslag for 2007 bygde vidare på dette spesielle året. Ved fastsetting av såkalla fri inntekter til kommunen – skatt + ramme - vart derfor skattedelen sett alt for høgt og rammeandelen for lågt. Summen av desse 2 inntektene var rett nok, men når skattedelen blir mindre får ikkje Hemsedal kompensert dette i auka ramme, fordi me er ei såkalla skatterik kommune. Hemsedal må dekke 55% av dette tapet (ca 9 mill) sjølve. Dette er surt fordi kommunestyret fastsette rett budsjett-tal for skatteinntekter, medan det er Statsbudsjettet sitt anslag som er grunnlaget for rammeoverføring. ---- Dette vil temmeleg sikkert føre til at rekneskapen for 2007 vil gå ut med eit underskot som må dekkast innatt i budsjettet for 2009. Det har me ikkje plass til utan nedskjeringar. Dette blir ei av dei tunge sakene utover våren.

Norsk Trafikkplan 2010- 2019- ikkje hyggeleg lesing for Hallingdal

Det administrative framlegget til Norsk Trafikkplan (NTP) for 2010 – 2019 vart lagt fram for nokre dagar sidan. Dette er ikkje hyggeleg lesing for Hallingdal når det gjeld nye prosjekt. Ny veg Sokna-Ørgenvika er dytta ut til sist i perioden og Ringeriksbanen er heilt ute. Det er lite utbetringar inne i framlegget utanom Ramsrudsvingane ved Hønefoss.

Det er fordelt meir til vedlikehald både på veg og bane. Dette er bra for det trengs, men det går på bekostning av nye tiltak. Dette er eit framlegg innafor dei rammene som etatane har fått, og ikkje noko politisk dokument. Det er derfor viktig at det framover blir lagt stort trykk på politisk apparat for å få auke i rammene. Det vil gje heile landet betre infrastruktur, noko som er nødvendig.

Dette er eit arbeid som næringsliv og poltikarar må gjera i fellesskap, slik Hallingdal har gjort heile tida. Høyringsfristen på NTP er 4. april inn til fylkeskommunen. Det er ei tid me må nytte godt.

Helsing Oddvar Grøthe, ordførar